



Kommune/bydel	Radøy kommune
Navn på søker	Radøy kommune
Navn på tiltak	Aktiv ferie
Fikk tiltaket støtte gjennom tilskuddsordningen også i forrige tilskuddsår?	<input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei
Kontaktperson for tiltaket	Bente Kopperdal Hervik
E-post	bente.hervik@radoy.kommune.no
Direktetelefon	56349012

Beskrivelse av aktiviteten

Me hadde ti dagar med aktivitetar for born i sommarferien og tre dagar med aktivitetar for born i haustferien. Desse aktivitetane var retta mot born f. 2004-2007. Me hadde aktivitetar som t.d. teaterkurs, kurs i cheerleading, matlaging og sjakk, riding, klatrepark og aktivitetsdagar ved sjøen. I tillegg hadde me tre familiedagar om sommaren, open hall i haustferien og fleire filmkveldar gjennom heile året. Desse aktivitetane var opne for alle. Me hadde også eit tilbod om tur til Bergen for å sjå familieforestillinga Kaptein Knurr. Dette tilbodet gjekk berre til personar i målgruppa.

Måloppnåelse for tiltaket/resultatmål

Tiltaket har gjeve born frå familiar med fattigdomsproblematikk eit aktivitetstilbod i feriar der økonomi ikkje har vore til hinder for deltaking. Ved at tilbodet har vore ope for alle born, har det vore eit inkluderande tiltak som ikkje har stigmatisert borna i målgruppa på nokon måte. Kulturkontoret som har hatt hovudansvaret har hatt tett kontakt særleg med NAV og barnevernet, og på den måten har me fått etablert gode samarbeidsrutinar. Det har også vore tett kontakt med mange aktørar i frivillig sektor. Me inviterte til overnattingstur for familiar til Rongevær. Denne turen måtte avlysast då ingen melde seg på. Bortsett frå turen til Rongevær meiner me at me har hatt god måloppnåing.

Beskriv rekrutteringen av målgruppen

Personar i målgruppa vart rekrutterte ved at føresette til aktuelle born vart kontakta direkte av tilsette i NAV, barnevernet, psykisk helse, skular eller helsestasjon med oppfordring til at dei kunne melde seg på. Deretter gjekk informasjonsbrosjyre ut til alle i aldersgruppa. Det var lagt til rette for at alle skulle kunna delta ved at aktivitetane var gratis, mat var inkludert og det vart ordna med transport for dei som trengte det. Mange av borna i målgruppa deltok på ein eller fleire aktivitetar. Sjølv om me ikkje klarte å rekruttera alle i målgruppa til aktivitetane, meiner me at me at rekrutteringa har vore vellukka.

Beskriv barn og unges medbestemmelse i tiltaket

Ideane til dei ulike tiltaka har i stor grad kome frå born i aldersgruppa tiltaket har retta seg mot. Ein del av aktivitetane har vore prøvd tidlegare med gode tilbakemeldingar, frå borna og desse aktivitetane har vorte vidareført. Me har nytta ungdomar i alderen 15-18 år som aktivitetsleiarar saman med minst éin vaksen person. Tilbakemeldingane på aktivitetane har vore positive. Me har fått nokre tips om justeringar me bør gjera.

Antall i målgruppen

Gutter	Jenter	Øvrige familiemedlemmer	Totalt
14	16		30

Alder barn og ungdom i målgruppen (sett kryss)

0-5 år 6-12 år 13-19 år 20-25 år

Andre/øvrige deltakere (utenfor målgruppen)

Antall

Hvem

Alle aktivitetene, bortsett frå byturen, var opne for alle i aldergruppa 9-12 år. Tal på personar i målgruppa og andre deltakarar omfattar dei arrangementa som hadde avgrensa tal på plassar og påmelding. Talet omfattar ikkje alle som var med på opne arrangement som aktivitetsdagar, familiedagar, open hall og filmkveldane. Det reelle talet på personar i og utanfor målgruppa er difor langt høgare. Me har heller ikkje tal på kor mange i målgruppa som deltok på familiearrangementa, då dette var opne arrangement. På byturen me arrangerte var det ti øvrige familiemedlemer i målgruppa med.

Oppgi alle samarbeidspartnere og beskriv samarbeidet kort

Kulturkontoret, NAV, barnevernet, psykisk helse, helsestasjonen, ungdomskoordinatoren og frivilligsentralen har utgjort ei nettverksgruppe som har planlagt, koordinert og evaluert tiltaket. Det har vore eit samarbeid med frivillige lag om einskildarrangement. Desse er Keipane kystlag (aktivitetsdag ved sjøen), RS-ung (aktivitetsdag ved sjøen), Manger IL (orientering), Hordabø IL (kurs cheerleading), Masfjorden sjakkklubb (sjakkurs), Radøy ungdomsklubb (fleire aktivitetsdagar og open hall). I tillegg har me kjøpt tenester frå Hordaland teatersenter, Radøy ridesenter, Margit Vea, Kutchera Crafts og Radøy klatrepark.

Har tiltaket blitt evaluert eller vurdert? Beskriv kort eventuelt utfall av dette.

Nettverksgruppa har evaluert tiltaket i møte. Konklusjonen er at dette har vore eit svært positivt tiltak for mange born i målgruppa, og også eit populært tiltak for andre born. Ved å ha aktivitetar som var opne for alle, er tilbodet ikkje stigmatiserande. Tilbodet om bytur med teaterforestilling berre for personar i målgruppa vart likevel trekt fram som eit tiltak som traff ekstra godt ut frå målsetjinga.

Beskriv eventuelle utfordringer og suksesskriterier

Det er ei utfordring at dei som "treng" tilbodet mest er dei som er vanskelegast å få med. Det krev såleis ein del ressursar til rekruttering av personar i målgruppa. Det er også vanskeleg å rapportera skikkeleg då teieplikta gjer at ein ikkje har fullstendig oversikt over kven som er i målgruppa. Suksesskriterium er at aktivitetane er gratis og at borna får mat, og ikkje minst at det er nok vaksne tilstades. God informasjon er også avgjerande!

22.03.2017 16:01:46 AR193317089

22.03.2017 16:01:46 AR193317089

Regnskap

Kostnader	Beløp	Inntekter	Beløp
Lønn og godtgjørelse	82 724	Tilskudd fra Bufdir	130 000
Evt. lønn og godtgjørelse til deltakere		Egenandel (finansiering)	48 033
Transportutgifter	202	Evt. egenandel fra deltakere	
Utgifter til inngangsbilletter	4 580	Overføring fra 2015 til 2016	
Innkjøp av utstyr (investering)	13 490	Andre inntekter og tilskudd (spesifiser under)	
Husleie/strøm/renhold	4 620		
Andre aktivitetskostnader	53 383		
Andre administrasjonskostnader	9 275		
Andre kostnader (spesifiser)			
Mat til deltakere	9 759		
Sum kostnader	178 033		178 033

Egeninnsats / frivillig innsats

Dei som har stilt med frivillige er Manger IL, RS ung Radøy, Masfjorden sjakkklubb, Hordabø IL cheerleading, Frivilligsentralen og Radøy ungdomsklubb. Totalt kring 100 timar.

Estimert verdi av egeninnsats

Merknader / kommentarer til regnskapet

22.03.2017 16:01:46 AR193317089

22.03.2017 16:01:46 AR193317089

Vedlegg til søknaden

Kryss av for hvilke vedlegg som er lagt ved.

Det er ikke krav om revidert regnskap for tiltak i regi av frivillige organisasjoner som har fått mindre enn kr. 100 000 i tilskudd.

Husk at vedlegg lastes opp under fanen "Oversikt - skjema og vedlegg", oppe til venstre for denne siden.

- Prosjektregnskap for tiltaket
- Revisjonsberetning

Filvedlegg:

rekneskap aktiv ferie.pdf

rekneskap aktiv ferie.pdf